



Aashild Bjorkum Furukawa

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/182 - 16/11115

Saksbehandlar:

Harry Finseth

harry.finseth@meland.kommune.no

Dato:

02.06.2016

Kloakkarbeid

Hei.

Meland kommune har oppgradert reinseanlegget på Varnappen, og legg no nye røyr oppover i Grønlandsfeltet. Førmålet er å skilje overvatn og kloakk, slik at reinseanlegget kan fungere optimalt. Kommunen skifter og oppgraderer vassleidningen samstundes.

Kommunen beklagar dei ulempene anleggsarbeidet medfører. Det er trngt å kome fram med store anleggsmaskiner. Mykje fjell som må sprengast er også ei utfordring. Etter planen skal røyra skiftast heilt til Frekhaug senter.

For å sikre oss mot skadar på bygningar måler entreprenøren skakingar kvar gong ein sprengjer. Då skytebasen oppdaga at målarer var tom for straum, sette han den på lading i næraste stikkontakt. Dette skal ikkje skje. Både skytebasen og kommunen beklagar dette sterkt.

Når det gjeld spørsmålet om framdrift, er det vanskeleg å vere nøyaktig. Det er mykje sprenging opp mot ungdomskulen. Når fellesferien startar er det truleg svært lite aktivitet i dykkar nærrområde. Asfaltering av vegen blir etter ferien.

Du nevner også naturen ned mot sjøen. Her har vi planert ut overskotsmasse, gjødsla og sådd med naturblanding. Vi har også laga ein gangsti ned til sjøen. Det er ikkje planar om fleire tiltak her.

Junji må gjerne ta kontakt. Det er også mogleg med synfaring om han ønskjer.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Harry Finseth
rådgjevar kommunaltekniske anlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Aashild Bjorkum Furukawa